

Saksbehandlar: Ole Gunnar Krakhellen, Oppvekst
Sak nr.: 21/2489-1

Tilstandsrapport 2021 Sogn barnevern

**Rådmannen rår komite for levekår til å gje slik tilråding:
Komite for levekår rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogndal kommunestyre tek tilstandsrapport 2021 for Sogn barnevern til vitende.

Vedlegg:

Tilstandsrapport 2021 Sogn barnevern

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Frå 2021 er det eit krav i barnevernslova § 2-1 at det skal leggst fram ei årleg tilstandsrapportering for kommunestyret. Dette vert gjort i denne saka.

2. Bakgrunn for saka

Det er kommunen sin øvste politiske og administrative leiing som har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta vert forvalta i tråd med gjeldande regelverk, og at tenestene er forsvarlege. Tenesteleiar er barnevernsleiar og øvste myndigheit i barnevernsfaglege spørsmål.

Årleg tilstandsrapport om barnevernet skal bidra til å sikre rutinemessig informasjon til kommunen si administrative og politiske leiing, samt til befolkninga generelt. Frå 2021 er det krav om årleg tilstandsrapportering til kommunestyret, jf. barnevernslova § 2-1 åttande ledd, jf. her også krav om internkontroll i medhald av kommunelova § 25-1 og barnevernslova § 2-1 andre ledd.

Tilstandsrapporten for 2021 har med seg data frå 2020 og attende i tid. Barnevernstenesta leverer tenester til barn og unge i alderen 0-18/25 år og deira familiar. Dette til dei som oppheld seg eller er busett i kommunen og som av ulike grunnar har særleg behov for hjelp. Hovudarbeidsområdet for barnevernstenesta er å sikre at det

enkelte barn som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid, med hensikt å førebyggje ei skadeleg utvikling.

Tenestene skal leverast i samsvar med lover og forskrifter som regulerer kvaliteten innanfor barnevernet sine fagområde. Ein kan enkelt omtale fagområda som; avklare meldingar, gjennomføre undersøkingar, samt å drifte hjelpetiltak, omsorgstiltak og ettervern.

Det er kommunen som har ansvar for universelle og selektive tiltak for utsette barn og unge. Barnevernet har ansvar for spesifikke individuelle tiltak og skal i samarbeid med andre instansar medverke til planlegging av generelle tiltak for å trygge barn og unge sin oppvekst.

Det er såleis eit skilje mellom kva som er «kommunen si» plikt, og kva plikter som særskilt er lagt til «kommunen si barnevernsteneste». Samstundes kan det vere greitt å enkelt definere førebyggjande verksemd innanfor individuell-, selektert- og universell førebygging. Sogn barnevern sine kjerneoppgåver er retta inn mot individuell førebyggjande verksemd, jf. barnevernslova sine krav til barnevernstenesta spesielt.

Barnevernslova § 3-1 første ledd, gir nærare omtale av kva som er «kommunen si plikt» i tydinga det samla ansvaret Sogndal kommune har for å sikre alle barn trygge og gode oppvekstvilkår. Her har alle kommunale instansar eit ansvar for å avdekke uheldige forhold eller sette i verk naudsynte tiltak for aktiv førebygging på alle nivå, jf. individ-, indikert- og universelt nivå.

Barnevernslova § 3-1 andre ledd gir nærare omtale av barnevernet sitt generelle ansvar for å organisere arbeidet slik at ein kan fylle intensjonen i kapittel 4, jf. særskilt § 4-4 om å kunne sette i verk tiltak så tidleg som mogleg, jf. også i høve råd og rettleiing nemnt i § 2-1. Barnevernstenesta sitt ansvar er såleis avgrensa til å gjelde på individnivå, og ikkje på selektert- eller universelt nivå.

Barnevernet sitt samarbeid med andre delar av forvaltninga, er nærare omtala i § 3-2, og omhandlar det medverknads- og samarbeidsansvar barnevernet har i kommunen si oppgåveløysing og planleggingsverksemd, samt samarbeid i einskildsaker, jf. her mellom anna også § 3-2 a, om plikt til å utarbeide individuell plan. Lovas § 3-2 første ledd skal berre tre inn i den grad andre sektorar ikkje i tilstrekkeleg grad tek i vare dei oppgåver dei er tillagt og som naturleg høyrer til sektoren.

Barnevernet si oppgåve vil her vere å gjere forsøk på å få vedkomande sektor til sjølv å gjere det som er naudsynt. Dersom dette ikkje fører fram, bør barnevernet ta initiativ til at spørsmålet får naudsynt avklaring i kommunen. Det er ikkje meininga at barnevernet skal ta over det ansvaret som kviler på andre sektorar.

Barnevernet skal ha særleg merksemd på å halde lova sine fristar og krav, og har eit særleg stort ansvar for å sikre at barn og foreldre sin rettstryggleik blir ivaretatt i alle delar av sakshandsaminga. Barn/ unge og deira føresette skal medverke og få høve til å uttale seg.

Barnevernet skal ha særleg merksemd på utviklinga av eige personale for å sikre kvaliteten i sakshandsaminga. Ein har ansvar for å vidareutvikle eit tett og positivt samarbeid med dei andre einingane som har tiltak og gjer tenester til barn/unge i kommunen.

Tilstandsrapporten for 2021 gjer eit innblikk i barnevernet sin kvardag, hovudmål og kvalitetsmål. Sogn barnevern har i tilstandsrapporten sine overskrifter valt å synleggjera korleis tenesta nyttar og praktiserer Sogndal kommune sine vedtekne verdiar SOGN (Samskapande - Open - God og Nysgjerrig) i tenesta sitt daglege virke opp mot målgruppa og tenesta sine samarbeidspartar.

Sogn barnevern er ei interkommunal teneste, med deltaking også frå Luster kommune. Sogndal kommune driftar tenesta etter vertskommunemodellen, jf. kommunelova § 20-1. Barnevernstenesta er organisert som eit eige tenesteområde under kommunalsjefområde «oppvekst». Tenesteleiar – som også er barnevernsleiar – er tillagt administrativt-, økonomisk-, personal- og fagleg ansvar. Tenesteleiar rapporterer direkte til kommunalsjef for oppvekst.

Tenesteleiar har også ansvaret for avdeling «einslege mindreårige» (EM). Avdelinga er ei døgnavdeling og har eigne tilsette. Avdelinga er ikkje ein del av barnevernstenesta. Avdelinga er under avvikling i sin noverande form.

Sogn barnevern har 15,8 årsverk og er organisert i 3 team, der to team arbeider med sakshandsaming og eit team arbeider med tiltak. Sakshandsamar-teama arbeider etter ein generalist-modell, noko som betyr at alle sakshandsamarane arbeider med både undersøking, tiltak og oppfølging av barn under omsorg.

Kvart team får kontinuerleg fagleg støtte og oppfølging frå teamkoordinator, som i lag med fagleiar og tenesteleiar utgjer barnevernstenesta sitt leiingsteam. Sogn barnevern har også akuttberedskap (barnevernsvakt) utanom ordinær kontortid, og er tilgjengeleg kveld, natt, helg og høgtid. I tillegg til eigne kommunar dekkjer Sogn barnevern også kommunane Vik og Høyanger.

Tilstandsrapporten gjev også ei orientering om barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma, og kva konsekvensar den har for kommunane. Bakgrunnen for dette er at eit hovudmål med reforma er at kommunen skal satse på førebyggjande tiltak, slik at ein i større grad unngår seinare kostnadskrevjande og spesialiserte barnevernstiltak. I den samanheng er det viktig å peike på at vilkåra for hjelpetiltak etter barnevernslova og opplysningsplikta, også kalla meldeplikta, ikkje er endra. Barnevernstenesta skal med andre ord ikkje engasjere seg i fleire enkeltsaker, snarare tvert om. Målet er at tenesta i større grad skal bruke sine ressursar på dei alvorlege sakene og at me som følgje av godt førebyggjande arbeid frå andre kommunale instansar, skal få færre slike. Barnevernsreforma fører til endringar også i finansieringa og refusjonar knytt til barnevernsfeltet.

3. Vurderingar og konsekvensar

Rådmannen meiner at tilstandsrapporten gjev eit godt grunnlag for at politisk nivå kan gjere seg kjend med barnevernstenesta, korleis den er drifta og forsvarlegheita i Sogn barnevern si drift. Samstundes peikar tilstandsrapporten til eit utfordringsbilete, særleg knytt til barnevernsreforma, som vil krevje godt og breitt førebyggjande arbeid framover.

Barnevernsreforma/oppvekstreforma samsvarar difor på mange måtar godt med samfunnsplanen sitt satsingsområde «best på oppvekst», som vil krevje breitt og heilskapleg arbeid.

4. Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret tek tilstandsrapport 2021 for Sogn barnevern til vitende.